



Årsmelding Eid kyrkjelege fellesråd 2017

1. Innleiing

Året 2017 har vore nok eit aktivt arbeidsår. Det har vore fleire restaurerings- og vedlikehaldsprosjekt i gong på kyrkjer og kyrkjegardar.

I staben har både soknepresten i Eid og Stårheim og kateket/trusopplærar slutta og Kjølsdalen sokn har fått ny sokneprest. Kyrkjetenar i Heggjabygda kyrkje gjennom 18 år, Per Hagen, har pensjonert seg og ny kyrkjetenar er tilsett. Utanom dette har det vore stabil bemanning i dei fellesrådstilsette stillingane.

Arbeidet med å skape nye Stad Kyrkjelege Fellesråd (Selje-Eid) har også kome i gang dette året

2. Fellesråd og tilsette

2.1 Fellesrådet

Fellesrådet har i 2017 vore samansett slik:

Frå Eid sokn:

Berit Heien Heggen – leiar
Ulf-Inge Kjerpeseth – nestleiar

Pers. varamedl. Kari Standal Pavelich
Pers. varamedl. Dag Inge Dæmring

Frå Stårheim sokn:

Kjartan Myrold
Tone Lillian Stokke

Pers. varamedl. Arnstein Ivesdal
Pers. varamedl. Reidun Borgestrand

Frå Kjølsdalen sokn:

Lars Frode Humborstad
Dianne Eikås

Pers. varamedl. Merete Duestøl
Pers. varamedl. Caroline Erviksæter

Eid kommune sin representant:

Arild Nøstdal

Pers. varamedl. Sissel Helen Ommedal

Geisteleg representant:

Prost Rolf Schanke Eikum

Pers. varamedl. Øystein Solberg Mathisen
(til 01.09.2017)

Fellesrådet har hatt 6 møte og handsama 57 saker i 2017.

Fellesrådsleiar Berit Heien Heggen tok over vervet som leiar i Eid sokneråd hausten 2017. Berit gjekk difor av som fellesrådsleiar ved årsskiftet 2017/2018 og Ulf-Inge Kjerpeseth er ny fellesrådsleiar frå 01.01.2018. Tone Lillian Stokke er ny nestleiar i fellesrådet.

2.1.1 Underutval i fellesrådet

Fellesrådet har hatt følgjande underutval:

➤ Kyrkjeleg administrasjonsutval (partsamansett utval):

Fellesrådet sine representantar: Berit Heien Heggen - leiar, Ulf-Inge Kjerpeseth – nestleiar, Lars Frode Humborstad, vara Tone Lillian Stokke. Tilsette sin representant: Finn Arve Sundal, vara Bjørg Risøy.

Administrasjonsutvalet har ikkje hatt møte i 2017.

➤ Forhandlingsutval/tingingsutval:

Medlemmer: Berit Heien Heggen - leiar, Ulf-Inge Kjerpeseth, vara Kjartan Myrold.

Utvalet har heller ikkje hatt møte i 2017.

Kyrkjeverja er sekretær for administrasjonsutvalet og forhandlingsutvalet/tingingsutvalet.

2.2 Tilsette

Kyrkjeverje/dagleg leiar	Kristen Hundeide	100%
Organist II	Ingvard Sundal	20%
Sekretær	Marta Jenny Elvebakke	50%
Ungdomsprest	Kaare Michael Christoffersen	100%
Arbeidsleiar kyrkjegard	Finn Arve Sundal	100%
Kantor	Ralph Cupper	100%
Trusopplærar	Maren Fisknes	inntil 20% (engasjement)
Musikalsk barne- og ungdomsarbeidar	Asbjørn Eikenæs	20% (engasjement)
Kateket	Beate Folkestad Osdal	60% (til 31.08.17)
Kyrkjetenar	Bjørg Risøy	80%
Kyrkjetenar	Knut Hans Røed	7,1 %
Kyrkjetenar	Per Hagen	11% (til 30.06.17)
Kyrkjetenar	Stian Andre Hundeide	11% (frå 01.09.17)
Kyrkjetenar	Randi Heggheim	15%

Sekretæren ved kyrkjekontoret utfører også sekretærteneste for prosten i Nordfjord.

Prosten har færre gudstenester i Eid, og reiser meir i heile prostiet. Prostestillinga har kontorstad ved Eid kyrkjekontor. Då prosten bur i Ørsta har han no færre heile kontordagar her enn tidlegare. Dette, saman med innføringa av arbeidstidsplanleggaren «Tid», har medført auka arbeidsmengd for sekretæren. Sekretæren har frå hausten hatt auka stilling på timebasis for å følgje opp trusopplæringsarbeidet og utføre oppgåver for kyrkjeverja; som også er prosjektleiar for etablering av Stad Kyrkjelege Fellesråd.

Prostiprest Henny Koppen er fast tilsett som sokneprest i Stryn – og Kari Leine Balog er ny prostiprest. Kari er også ny sokneprest i Kjølsdalen sokn.

Sokneprest Øystein Solberg Mathisen slutta som sokneprest i Eid, Stårheim og Kjølsdalen sokn 15. september. Også kateket Beate Folkestad Osdal slutta i stillinga si i august. Det var felles avskilsgudsteneste med påfølgjande kyrkjekaffe 3. september. Vi takkar Beate og Øystein for framifrå samarbeid og ynskjer dei all mogleg lukke til vidare!

Både fellesråd og tilsette er svært glade for at pensjonert sokneprest Olaf Sigurd Gundersen framleis er villeg til å påta seg vikarteneste som sokneprest hos oss!

Trusopplærer Solveig Orheim Nome, som har vore langtidssjukmeld, slutta formelt i stillinga våren 2017 ved oppnådd pensjonsalder. Solveig var sentral i utvikling og igangsetting av trusopplæringsarbeidet slik vi kjenner det i dag. Vi takkar Solveig hjarteleg for pliktoppfyllande innsats og ynskjer henne eit rikt og godt pensjonisttilvere!

Kateket Beate F. Osdal hadde, saman med ungdomsprest Kaare Michael Christoffersen og sokneprest Øystein Mathisen, ansvaret for konfirmantarbeidet fram til konfirmasjonane våren 2017. Frå hausten 2017 har ungdomsprest Kaare M. Christoffersen og vikarprest Olaf Sigurd Gundersen delt ansvaret for konfirmantundervisninga.

Beate hadde også ansvar for trusopplæringsarbeidet. Vi har ikkje lukkast i å få tilsett fast trusopplærer etter Beate, og Maren Fisknes er difor tilsett i eit engasjement for å utføre nokre av oppgåvene saman med resten av staben.

Asbjørn Eikenæs deltek i trusopplæringsarbeidet i 20% stilling som er finansiert av trusopplæringsmidlane. Asbjørn er ein uvurderleg musikalsk ressurs både ved Stårheim Barnekor og ved Babysongen – i tillegg til andre oppgåver der musikalsk medverknad er ønskjeleg.

Kyrkjegardsarbeidar Finn Arve Sundal er no attende i 80% av stillinga.

Ralph J. Cupper er kantor i Eid i 100% stilling. Ingvard Sundal er tilsett som Organist 2 i 20% stilling.

Björg Risøy har 80% stilling som kyrkjetenar. Ho er kyrkjetenar ved alle kyrkjelege handlingar i Eid kyrkje og fast kyrkjetenar i Stårheim kyrkje ved gravferder, vigslar o.l. Knut Hans Røed er kyrkjetenar i Stårheim ved vanlege gudstenester.

I Kjølisdalen kyrkje er Randi Heggheim kyrkjetenar.

Per Hagen gjekk midtsommars av som kyrkjetenar i Heggjabygda kyrkje etter å ha hatt stillinga og ansvaret i 18 år! Stor takk til Per for trufast og god teneste for kyrkja og folket i Heggjabygda! Stian Andre Hundeide er tilsett som ny kyrkjetenar i Heggjabygda kyrkje frå 01.09.2017.

Johannes Nome har teke seg av planting på, og stell av, gravene som har avtale om gravfond. Han får betalt ein fast sum årleg for kvar grav han steller. Summen er avhengig av 2 alternativ for planting og stell.

2.2.1 Arbeidsmiljø og personalarbeid

Å arbeide for betre samhandling og meir teamkjensle i staben er ei utfordring i ein arbeidsstokk med mange deltidstillingar, der arbeidsplassane i tillegg er ulike. I året som har gått har vi lagt mykje vekt på at vi alle skal føle at vi er ein del av ei samla eining – sjølv om staben er samansett av personar med to forskjellige arbeidsgjevarar. Ved hjelp av godt samarbeid frå både prestane og dei tilsette i fellesrådet føler vi at vi har lukkast med dette. Særleg i eit år med utskifting og vikarteneste i pretestillinga er det svært gledeleg å sjå at dei nye som kjem inn finn seg godt til rette og vidarefører det gode samarbeidet som føregjengarane hadde. Arbeidsmiljø og samarbeid mellom dei kyrkjeleg tilsette er soleis godt. Kvar tysdag føremiddag er det stabsmøte på kyrkjekontoret. Der deltek dei som er tilsett i høgast prosent stilling (40% eller meir). Eid Kyrkjelege Fellesråd takkar både prestane og dei fellesrådstilsette for godt og konstruktivt arbeid, og samarbeid, i 2017.

2.2.2 Samanslåing Selje - Eid

Kommunane Selje og Eid har vedteke å slå seg saman til nye Stad kommune frå 01.01.2020. Dei kyrkjelege fellelråda i dei to kommunane må difor gjere det same. Ei kommune- og fellelrådsregulering berører i utgangspunktet ikkje soknerådsstrukturen, men sokneråda vert haldne fortløpande orientert om prosessen – då tidspunktet for endring er gunstig også for sokna dersom dei sjølve vil. Hausten 2019 skal det veljast representantar frå sokneråda til det nye Stad Kyrkjelege Fellelråd. I tillegg til dei noverande sokna i Selje og Eid vil vi også få tilført Bryggja/Totland sokn frå Vågsøy frå 2020.

Det er valt ei kyrkjeleg fellelsemnd som har ansvaret for framdrift og innhald i samanslåingsprosessen. Her er det 4 medlemmer frå kvart av dei to fellelråda. Det er søkt om finansiering av planleggingsmidlane som dei to kommunane har fått frå staten til samanslåingsarbeidet. I samråd med den kommunale fellelsemnda har vi sett opp, og gått igjennom, budsjett for arbeidet – og fått melding frå kommunane om at vi har fått tildelt stønad i samsvar med budsjettet.

Det skal også opprettast eit partssamansett utval med 3 medlemmer frå fellelsemnda (arbeidsgjevar) og 2 medlemmer frå dei tilsette (arbeidstakar). Dei tilsette sine medlemmer vert fordelte med eit medlem frå staben i Eid og eit medlem frå staben i Selje. Det partssamansette utvalet skal handsame alle spørsmål/saker som berører tilhøvet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar, og gje tilråding til fellelsemnda.

Kyrkjevevje Kristen Hundeide er tilsett som prosjektleiar for samanslåingsarbeidet. Han skal likevel framleis vere kyrkjevevje i Eid. Sekretær Marta Elvebakke skal utføre nokre av kyrkjevevja sine oppgåver i denne perioden. Tidsbruken vert registrert ved føring av timelister og vert refundert frå fellelsemnda sitt budsjett.

2.2.3 Likestilling

I likestillingslova § 1a er det nedfelt at offentleg verksemd skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling mellom kjønna. Arbeidsgjevar skal arbeide aktivt for dette innafor si verksemd. I offentleg sektor er det krav om å gjere greie for likestillingssituasjonen i verksemda og kva som vert gjort i den samanheng.

Ved utgangen av 2017 var det 12 tilsette i Eid kyrkjelege fellelråd, 4 kvinner og 8 menn. Det er mange deltidsstillingar.

Ved avlønning følgjer ein hovudtariffavtala for KA sitt tariffområde - som er kjønnsuavhengig.

3 Prosjekt og faste tiltak

3.1 *Oversikt over gjennomførte og planlagde oppgåver i kyrkjer og på kyrkjegardar*

Eid kyrkje. Restarbeidet med vedlikehald/måling av tårnet vart utført hausten 2017. Dette var finansiert ved restmidlar frå prosjektet som var avsette på fond. Det er «Dør og Vindusvern AS» på Vigra som har hatt ansvaret for dette vedlikehaldsprosjektet, og kyrkja framstår no som godt vedlikehalden.

Restarbeidet med rensing av kyrkja etter innbrotet/hærverket i november 2016 er ferdigstilt i 2017. Orgelbyggar Richard Bower var på Nordfjordeid i april og fekk då reparert orgelet og bytt ut dei øydelagde orgelpipene. Han kom attende for etterkontroll og finjustering av instrumentet i oktober. I september vitna kyrkjevevja i Sunnmøre Tingrett mot personen som

har utført hærverket. Vedkomande vart dømd til m.a. å betale Eid Kyrkjelege Fellesråd ei erstatning på kr 100.000,- som er den eigenandelen vi har ved forsikringsoppgjer. Han vart også dømd til å betale erstatning til forsikringsselskapet for deira utlegg. Eid Kyrkjelege Fellesråd har fått fullt oppgjær frå forsikringsselskapet for kostnaden med rensing og reparasjonar.

Stårheim kyrkje. Når orgelbygger Richard Bower var tilbake i oktober, fekk vi også gjennomført etterkontroll av orgelet i Stårheim kyrkje, som Bower renoverte hausten 2016. Flomlysa ved kyrkja vart utskifta til ledlys hausten 2017. I samarbeid med soknerådet og bygdekvinnelaget er det også igongsett arbeid med å montere 2 lyspunkt på gravplassen på nordsida av elva, samt 1 lyspunkt på den delen av gravplassen som ligg nærast brua ved RV 15.

Heggjabygda kyrkje. Parkeringsforholda ved kyrkja er svært utilfredstillande. Det har vore dialog med grunneigaren om parkeringsareal og fellesrådet har avsett midlar til opparbeiding. Det er inngått muntleg avtale med Eid kommune om utføring av arbeidet. Det er også avsett midlar til nytt sanitærbygg/toalett ved kyrkja. Fellesrådet har valt løysing for kva toalett vi skal installere. Sjølv arbeidet med parkering og sanitærbygg er ikkje kome i gang, men vi har nytta egne tilsette til førebunde arbeid, samt engasjert arkitekt til teikning og gjennomføring av byggeprosessen for sanitærbygget.

Måling av kyrkja var påbyrja i 2016. Dyktige ungdomar frå bygda hadde dette som sommarjobb. Det står enno att å måle bordkledninga øvst på kyrkja, samt måling av tårntilbygget. Før dette kan gjerast må det skiftast nokre bordkledningsbord forskjellige stader. Materialen er skaffa og dette arbeidet var planlagt gjort av egne tilsette i 2017. Diverre var det umogleg å skaffe nødvendig stillas til arbeidet sommaren 2017 og arbeidet vert difor fullført i 2018.

Innvendig manglar det enno å få på plass ei lydskjerming mellom spelepulten og orgelpipene slik at den som spelar ikkje vert høyrslsskada.

Kjølaldalen kyrkje. Etter omfattande renoveringsarbeid dei siste åra er kyrkja no i svært bra stand. Det har difor ikkje vore utført større vedlikehaldsoppgåver her i 2017, men vi har fått på plass projector og lerret i kyrkja dette året.

I alle kyrkjene vil det vere tenleg med fjernstyring av varmen. Dette vil då kunne bli styrt frå kyrjekontoret via data. Kostnaden med dette er likevel slik at det førebels ikkje kan prioriterast i "konkurranse" med andre, og heilt nødvendige, prosjekt.

Automatiske ringeanlegg i kyrkjene stod derimot på investeringsplanen for 2017. Dette vart utsett både av kapasitetsomsyn og uvisse omkring det økonomiske berekningsgrunnlaget. Nokre av midlane vart omdisponerte til andre tiltak. Løyvingane vert oppsette i eit seinare år i investeringsplanen 2018-2021.

Kyrkjegardane. Utgreiing/forprosjekt for utviding av kyrkjegarden i Kjølaldalen er i gang. Nordplan AS er engasjert som konsulent/prosjektleder. Det er utarbeidd framlegg til reguleringsplan som også omfattar alt noverande areal med kyrkje og gravstad, samt arealet på nordsida av vegen i samsvar med arealdelen i kommuneplanen. Det er gjennomført støyanalyse for det tiltenkte nye arealet og reguleringsframlegget er no ute til høyring.

Det er sett av midlar til vedlikehald/skifting av bordkledninga på Sambraut klokketårn i 2017. Bordkledninga er innkjøpt, måla med grunningsmaling og ligg lagra i redskapshuset på

Sambraut. Grunna svært dårleg ver sommaren 2017 fekk vi ikkje sett opp bordkledninga – men dette vert utført i 2018.

Klokketårnet på Stokkenes er også måla i 2017. Vi har no tilbakeført tårnet til den opprinnelege kvite fargen – og dette har blitt svært godt motteke av innbyggjarane i Eid.

Den vesle traktoren vi nyttar til intertransport på kyrkjegardane, m.a. ved gravferder, var etter kvart svært upåliteleg grunna både alder og slitasje. Fellesrådet omprioriterte difor midlar slik at vi kunne skifte den ut med ein liten hjullastar som både løfter høgare (over gravminna), er svært lett å kome fram med og har lukka førarhus. Dette er difor ei vesentleg forbetring av arbeidsmiljøet for dei tilsette, samstundes som det er eit påliteleg og godt anvendeleg arbeidsreiskap.

3.2 Minikonfirmantarbeid

Denne aktiviteten vert utført av kateketen saman med ungdomsprest og musikalsk barne- og ungdomsarbeidar. Etter at Beate Osdal slutta har ungdomspresten overteke ansvaret.

3.3 Ungdomsarbeidet, Nattcafe og Ung Messe

Nattcafeen har vore i jamn drift heile 2017. Tiltaket har ei fin utvikling, miljøet på fredagskveldane er godt og oppslutninga om nattcafeen er aukande. Ungdomspresten har også fått med seg ein kjerne av «vaksne» ungdomar som deltek på fredagskveldane; og som kan avlaste ungdomspresten ved behov. Nattcafeen har både tidlegare år og dette året motteke pengegåver som skal nyttast til opprusting og fornying av utstyr og lokale. Særleg ungdomsrommet i 2. etasje treng opprusting og ungdomspresten vil, etter samspel med ungdomane, kome med forslag til tiltak. Av kapasitetsomsyn er ikkje arbeidet utført i 2017 – men midlane er avsette på fond og vi vonar å få gjennomført tiltaka i 2018.

Ung Messe hadde tidlegare ein eigen komité under leiing av ungdomspresten. Frå 2017 har det vore Ung Messe ein gong i månaden som ei av dei forordna gudstenestene. Gjennom dette maktar vi m.a. å følge pålegget frå biskopen i Bjørgvin om å ha gudsteneste i Eid kyrkje kvar søndag sjølv om vi ikkje får tilført auka ressursar. Ungdomspresten har teke initiativ til samling av ungdomar 1 – 2 timar før gudstenesta og dette ser ut til å ha verka positivt på deltakinga i gudstenesta.

Eid Felleskor er eit ungdomskor kantor nyttar ved ymse gudstenester. Sjå meir under 3.6 «Kyrkjemusikalsk arbeid».

3.4 Trusopplæring

Trusopplærar Solveig Orheim Nome, som diverre har vore sjukmeld i lengre tid, slutta ved oppnådd pensjonsalder i 2017. Sidan også kateket Beate, som har teke ansvar for trusopplæringsarbeidet, slutta har vi lyst ut stillinga som menighetspedagog/ kyrkjelydsarbeidar. Diverre lukkast det ikkje å rekruttere kvalifisert personale i stillinga og vi gjennomfører no trusopplæringsarbeidet ved at dei andre i staben må ta større ansvar, samstundes som vi har tilsett Maren Fisknes i eit engasjement som kyrkjelydsarbeidar. Særleg ungdomsprest Kaare og sekretær Marta er nøkkelpersonar ved planlegging og gjennomføring av tiltak.

Når alle tiltaka skal setjast ut i livet, merkar vi endå sterkare trongen for frivillige hjelparar. Sjølv om både prestane og dei fellesrådstilsette gjer alt dei kan, er det ikkje mogleg for oss å rekke over alt. Det er difor svært viktig for å lukkast med trusopplæringsarbeidet at sokneråda kjenner ansvar for, og tek aktivt del i, både planlegging og gjennomføring.

I Eid har vi godkjent plan for trusopplæringa i alle sokna våre – men denne må fortløpande justerast og evaluerast. På grunn av personalmangel kom vi ikkje i gong med dette i 2017, men arbeidet vart igongsett rett over årsskiftet 2017/2018. Trusopplæringsnemnda har hatt 1 møte i 2017 – men det vert nok nødvendig med fleire møte i 2018 i samband med revidering av trusopplæringsplanen.

Trusopplæringsarbeidet er finansiert ved årleg tildeling av statlege midlar. Desse midlane er stort sett ikkje nok til å finansiere både løn til tilsette og materiell til dei ulike tiltaka. Det er difor etablert eit samarbeid med sokneråda om finansiering av meirkostnaden. I 2017 vart ikkje dette medansvaret nytta. Fellesrådet må også ha midlar til trusopplæringa innanfor eige budsjett.

Det finst ein eigen nettportal for trusopplæringsarbeidet på www.kyrkja.no under logoen Størst Av Alt. Fellesrådet nyttar også denne nettportalen til årleg rapportering av tiltak og økonomi. På Kyrkja i Eid sine egne nettsider ligg det ein link direkte til vår “plass” på nettportalen.

Elles gjennomførte vi også i 2017 “HalloVenn” i Eid Idrettshus 31. oktober, som alternativ til tradisjonell Halloween-feiring. Sjølv om deltakinga var litt lågare enn i oppstartåret 2014 var det likevel ca. 750 - 800 personar som deltok på arrangementet! Dette tyder at det er både behov og interesse for dette tiltaket. I 2017 har sokneråda vore sterkt involverte i planlegging og gjennomføring. Dei har sjølve plukka ut område dei ynskde å ha ansvar for og stille mannskap til. Dette er, saman med samarbeid med frivillige organisasjonar, heilt avgjerande for arrangementet. Sekretær Marta Elvebakke var likevel den som koordinerte alle aktivitetar og avtaler. Saman med ungdomsprest Kaare og Heidi Isene var dei eit team som sytte for at ting fungerte som dei skulle, nødvendige avtaler vart gjort og nødvendig materiell vart innkjøpt. Dette fungerte svært godt – og vil nok bli «mal» for framtidige arrangement. Fellesrådet vil gje honnør og stor takk til desse tre, og også andre tilsette og frivillige som la ned mange arbeidstimar i planlegging, førebuing og gjennomføring!

3.5 Nettsider for Kyrkja i Eid

Nettsidene våre er til stor glede og nytte i arbeidet. På desse sidene har vi m.a. lagt ut informasjon om kyrkjene våre, om gudstenester og andre kyrkjelege handlingar, om aktivitets-/kulturtilbod i Kyrkja sin regi og om tilsette og medlemmer i sokneråda og fellesrådet. Nettsidene er også eit nyttig reiskap for å få ut informasjon t.d. ved kyrkjeval, jubileum og liknande. Etter at vi også linka dette opp til Facebook-sida vår har vi nådd ut til endå fleire. Sokneråda har også egne facebook-sider. Vi vonar mange nyttar nettsidene våre – og «like» Facebook-sida vår. Vi tek gjerne imot tilbakemeldingar på endring og/eller forbetring. Nettsidene finn ein på www.eid.kyrkja.no og/eller www.eid.kirken.no

3.6 Kyrkjemusikalsk arbeid

Det er lagt ned mykje tid og krefter i å revitalisere det kyrkjemusikalske arbeidet. Særleg har kantor, Ralph Cupper, arbeidd mykje med dette. Soknerådet har nedsett eit eige musikkutval som har hovudansvar for både konsertserien «Aftenmusikk» og andre konsertar/tilstellingar i soknerådet sin regi. “Aftenmusikk” er eit tiltak som har vore tradisjon i mange år. Det er Eid Sokneråd som har økonomistyringa for dette. Både soknerådet og fellesrådet har bidrege med midlar til tiltaket. Det vart etter kvart så arbeidskrevjande å få inn sponsormidlane som trengst for å kunne engasjere musikarar og songarar at musikkutvalet valde å ikkje lenger arrangere dette på same måte som tidlegare. Ein har i staden arrangert konsertar gjennom heile året – og særleg knytt til høgtidene som jul, påske og pinse.

Kantor driv også orgelklubben for dei som er interesserte i å lære orgelmusikk. Han driv også ungdomskoret «Eid Felleskor» som m.a. har delteke ved fleire gudstenester.

3.7 Faste tiltak

Dei tilsette arbeider med mange tiltak som går igjen år for år. Ein del tiltak, som t.d. ungdomsarbeid og dåpsopplæring, er no samkøyrte med trusopplæringsarbeidet. Felles for alle tiltaka er at vi har dyktige tilsette som gjer ein stor jobb med små ressursar. Vi er no komne til eit punkt der arbeidsbelastninga på dei tilsette er så stor at vi ikkje kan påta oss å starte nye tiltak utan å få avlastning med eksisterande tiltak – enten ved at andre tek over desse tiltaka eller at dei rett og slett vert avvikla. Meir omtale av dei enkelte tiltaka vil finnast også i årsmeldingane for sokneråda.

3.8 Andre utførte oppgåver

I samband med registrering av feste av gravminne, har ein funne fram til gravminne som ein ynskjer å ivareta, sjølv om festar seier ifrå seg sitt festeansvar. Eid kyrkjelege fellesråd står då som festar.

4 Samarbeid med andre

4.1 Kommunen og andre

Eid kyrkjelege fellesråd samarbeider med Eid kommune, særskilt innan løns- og rekneskapsføring, men og i forhold til uteseksjonen i driftsavdelinga. Det er også samarbeid om breiband/data. Det er utarbeidd tenesteytingsavtale med Eid kommune.

4.2 Sokneråda

Ein har prøvd å halde leiarmøte 1 gong i halvåret. Her deltek soknerådsleiarane, prost, sokneprest, fellesrådsleiar og kyrkjevevje. Møta er nyttige for informasjonsutveksling og for å samkøyre aktivitetar. Det var berre 1 slikt møte i 2017.

5 Økonomi

Rekneskapen viser at det for 2017 er eit positivt netto driftsresultat på kr 108.065,97. Etter avsetningar på kr 230.381,52, herav dekking av tidlegare års underskot med kr 132.165,65, og bruk av avsetningar på kr 198.267,98 står vi igjen med eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 75.952,43. Hovudårsaka til dette er at vi har kunna nytte eigne tilsette til å utføre deler av oppgåvene i fleire investeringsprosjekt. Vi kan difor overføre kompensasjon for lønsutgiftene frå investeringsprosjekta til driftsrekneskapen. Dette er ført på post 17800 «Interne overføringar» på teneste 39300 «Kyrkjegardar».

Avsetningar til bundne driftsfond er kr 68.130,30 og bruk av bundne driftsfond er kr 36.016,76. Alt av underskot frå tidlegare år er no inndecka, slik at overskotet på kr 75.952,43 kan avsetast til disposisjonsfond. Disponering av overskotet vert gjort ved fellesrådet si endelege handsaming av årsrekneskapen for 2017.

Festeavgifter for graver er litt høgare enn budsjettert. Festeavgiftene var justerte i 2016; og vert justerte på nytt f.o.m. driftsåret 2018.

Driftsprosjekt 5020 «Innbrot Eid kyrkje» har nesten gått ut i null, sjølv om vi i slike forsikringssaker har ein eigenandel på kr 100.000,-. Grunnen til at det likevel balanserer er at noko av arbeidet er gjort av eigne tilsette og at vi har fått gaver til prosjektet på kr 32.747,50. Det føreligg ein rettskraftig dom, der den skuldige i innbrotet er dømd til å betale kr 100.000,- til Eid Kyrkjelege Fellestråd, men vi har ikkje tatt sjansen på å inntektsføre dette beløpet.

På teneste 39200 "Anna kyrkjeleg verksemd" går trusopplæring/konfirmantundervisning i tilnærma balanse. Vi har difor ikkje kravd sokneråda for bidrag til dekking av utgiftene med «Trusopplæring» dette året. Post 11900 «Husleige» er lågare enn budsjettet i 2017. Dette skuldast m.a. at så mykje som råd av både konfirmantundervisning og trusopplæringstiltak er lagde til kyrkjene.

Det står kr 192.038,75 på bundne driftsfond. Av dette utgjer «Kurs i Nordfjord prosti» kr 29.111,44, «Eid Diakoniat» kr 6.677,20, «Nattcafeen Eid» kr 57.235,37, «Helgefred» kr 28.550,44 og «Prostidiakon Nordfjord» kr 20.000,-. Det er kome til eit nytt bunde driftsfond dette året: «Samanslåing Selje-Eid». Det står kr 50.464,30 på fondet ved årsskiftet. Nattcafeen har fått tilført kr 10.000,- i gåvemidlar til inventar/utstyr i 2017.

For «Kyrkjeleg administrasjon» er lønsutgiftene 3,5 % lågare enn budsjett, i «Kyrkjene» 1,0 % over budsjett og for «Anna kyrkjeleg verksemd» 0,8 % under budsjett. Auken i kyrkjene skuldast vikarutgifter. For «Kyrkjegardar» kan det sjå ut som vi har eit overforbruk på 68,9 % av lønsmidlane p.g.a. utgiftene til vikar/ekstrahjelp. Dersom ein tek omsyn til refusjon av lønsmidlar frå investeringsprosjekta, viser det seg at overforbruket er redusert til 9,5 %. Dei ekstra 9,5 % er vikarutgifter ved ferie i 2017.

Totalt gjev dette eit meirforbruk på lønsbudsjettet på kr 393.689,- (løn minus refusjonar frå NAV) for 2017. Korrigert for refusjon av lønsmidlar frå investeringsprosjekta vert det eit meirforbruk på kr 26.259,-.

Det er totalt inntektsført kr 44.751,- i refusjonar ved sjukdom og foreldrepermisjon.

Utgiftene for straum er 6,8 % lågare enn budsjett. For adm./kontor er utgiftene 33,9 % lågare enn budsjett, medan utgiftene for kyrkjene er 5,1 % høgare enn budsjett. For kyrkjegardane er straumforbruket 4,6 % lågare enn budsjett. Under inntekter i kyrkjene er det ført ein refusjon frå kommunen på kr 36.352,-. Dette er dekning for utgifter til gravferd der kommunen må ta ansvaret (Gravferdslova § 9).

Det er 1 prosjekt i investeringsrekneskapen som har brukt meir enn vedteken budsjetttramme. Dette er «Renovering Stokkenes klokketårn» med kr 26.902,60. Meirforbruket er førebels dekkja inn ved å låne midlar frå det ubunde investeringsfondet til prosjekt 1050 «Restaurering skipet – Eid kyrkje». Endeleg inndekning av meirforbruket vert gjort ved fellestrådet si endelege handsaming av årsrekneskapen for 2017.

Ubrukte investeringsmidlar er sett av til ubundne investeringsfond i balanserekneskapen. Det står no til saman kr 2.967.299,13 på ubundne investeringsfond. Dette er investeringsmidlar, t.o.m. 2017, som er avsett, men enno ikkje brukt.

6 Avslutning

2017 var eit år der vi m.a. har vore nøyddde til å tenkje nytt og fordele oppgåvene på andre måtar for å få utført tenestene vi er pålagde, sjølv om vi har mangla personale i sentrale stillingar deler av året. Det er både gledeleg og imponerende at tilsette påtek seg nye oppgåver og løyser dei på ein framifrå måte, sjølv om dette ligg utanfor eige kompetanseområde! I trusopplæringa vert det soleis lagt ned ein stor arbeidsinnsats for å utvikle og iverksetje tilboda for alle aldersgrupper. Både prestar og andre tilsette fortener stor ros for innsats og entusiasme i trusopplæringsarbeidet!

Gledeleg er det også at heimesidene våre vert stadig meir nytta av innbyggjarane. Også i 2017 var våre heimesider blant dei mest besøkte i heile bispedømet utanom Bergen. Dette er eit prov på at både web-sider og facebook-sider fungerer; og at folk finn nyttig og tenleg informasjon her! Kontormedarbeidar har vore, og er, ein svært viktig faktor for å halde desse sidene oppdaterte. Vi vonar at vi kan makte å utvikle desse informasjonskanalane vidare til felles nytte og glede.

Det mest krevjande i 2018 vert truleg å få rekruttert nye medarbeidarar i stillingane som sokneprest og trusopplærar/kyrkjelydspedagog. Også ungdomsprest Kaare M. Christoffersen vil slutte i stillinga i august 2018 for å fullføre studiane på Menighetsfakultetet. Å få ny ungdomsprest vert difor også ei prioritert oppgåve dette året.

Ei anna omfattande oppgåve er samanslåing av fellesråd og stabar i Selje og Eid. I løpet av 2017 er Kyrkjeleg Fellesnemnd, som har ansvar for arbeidet, og prosjektleiar på plass. Sidan det er kyrkjeleverja i Eid som skal vere prosjektleiar, vil vi auke stillinga som kontormedarbeidar ein del for å avlaste/utføre nokre av kyrkjeleverja sine gjeremål. Den kommunale fellesnemnda har løyvd prosjektmidlar til kyrkjeleg fellesnemnd for å gjennomføre samanslåingsprosessen.

Av utviklinga på kollekt og gåvemidlar ser vi at det vert meir og meir nødvendig å få på plass elektroniske betalingsløysingar. Alle sokneråda har no skaffa seg tenesta «Vipps» til offerføremål – og vi er spente på kva resultat dette vil gje over tid.

Dei største investeringsprosjekta som no er prioritert, er å få fortgang i utbetring av parkeringstilhøva og toalett-tilhøva ved Heggjabygda kyrkje, samt gjennomføre planlegging og forprosjekt for utviding av gravplassen i Kjølsdalen. Planlegging og forprosjekt for toalettbygget i Heggjabygda er nærast fullført og dette kan lysast ut på anbod våren/sommaren 2018. Fullføring av målingsarbeidet og skifting av noko bordkledning på kyrkja, som diverre ikkje kunne fullførast i 2017, skal også gjerast i 2018.

I Kjølsdalen er 2. gongs framlegg til reguleringsplan for både det noverande og planlagde kyrkjegardsområdet ute til høyring. Planleggingsprosessen vil gå fortløpande i 2018 – og vi vil vonleg vere klar til utlysing av sjølv anleggsarbeidet i løpet av året.

På Sambraut klokketårn skal bordkledninga skiftast i 2018.


Vi ser at nokre av investeringsprosjekta også i komande år er slik at vi kan nytte egne tilsette til deler av arbeidet. Resten må lysast ut på anbod. Kor stort rom det vil vere for å nytte egne tilsette vil variere frå år til år og det vert ikkje budsjettert med dette.

Fellesrådet har ein stab som er effektive og utfører oppgåvene sine på ein god måte. Vi har også vist at vi ser moglegheter for alternativ utnytting av ressursane for å utføre tenestene sjølv om vi i periodar har mangla fagleg kompetanse på nokre område.


Vi har og ein kommune som er positiv til arbeidet vårt. Eid kyrkjelege fellesråd vil takke spesielt tilsette ved personalavdelinga og økonomiavdelinga i Eid kommune for god hjelp og støtte i 2017.

Med tilvising til det som er nemnt ovanfor kan fellesrådet sjå tilbake på nok eit aktivt år og kan ta fatt i utfordringane som ventar. Vi vonar at vi saman med fellesråd og stab i Selje kan byggje ei ny eining som styrkjer det kyrkjelege arbeidet. Vi vonar også at den nye Stad kommune tilgodeser oss med tilstrekkelege økonomiske rammer til at Kyrkja framleis kan nå ut med gode tenester til folket.

Nordfjordeid, 26.03.2018



Ulf-Inge Kjerpeseth
Leiar Eid kyrkjelege fellesråd



Kristen Hundeide
Kyrkjeverje i Eid